

From: Postmottak@OED.DEP.no
Sent: 31. mars 2016 15:11
Cc: NVE
Subject: Skår kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal - klagesak

Skår kraftverk v/Johan Skår
Solstranda 11
6035 FISKARSTRAND

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	14/2041-	31.3.2016

Skår kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal - klagesak
Grunneigarar (søkjar) v/Johan Skår klagar i brev av 15.10.2014 på Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) sitt avslag av 23.9.2014 på søknad om løyve til bygging av Skår kraftverk i Ørsta kommune i Møre og Romsdal fylke.

NVE har vurdert klagen utan å finne grunnlag for å gjere om sitt vedtak, og har sendt saka til departementet i brev av 20.11.2014.

1. Bakgrunn

Asbjørn Skår, Johan Skår og Stein Skår søkte 23.1.2013 om løyve til å bygge Skår kraftverk.

NVE gjorde 23.9.2014 vedtak for fem søknadar om små vasskraftverk rundt Hjørundfjorden. NVE ga løyve til Årsetelva kraftverk, Skarbøen kraftverk og Indre Trandal kraftverk. Skår kraftverk og Klubbeneselva kraftverk blei avslått. Det er klaga på begge avslaga, og departementet handsamar desse samla.

Skår kraftverk vil nytte eit fall på 237 m i Skårelva mellom inntak på kote 240 og kraftstasjon på kote 3. Kraftverket er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1280 l/s, som utgjer 250 % av middelvassføringa. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 22 l/s i perioden 1. mai til 30. september og drift utan slepp av minstevassføring resten av året. Kraftverket vil med dette gje ein årleg kraftproduksjon på om lag 6,4 GWh.

NVE har kunngjort søknaden og sendt den på høyring. **Ørsta kommune** tilrår at det blir gitt løyve. Kommunen ser det som positivt at det blir tatt ansvar for straumforsyninga til Skår samtidig som fossen ikkje blir røyrt. **Fylkesmannen i Møre og Romsdal** meiner at det ikkje bør bli gitt løyve. Fylkesmannen legg vekt på at utbygginga vil ha negative konsekvensar for landskap i eit verdifullt fjordlandskap. **Møre og Romsdal fylkeskommune** syner til at undersøkingsplikta, jf. kulturminnelova § 9, ikkje er oppfylt. Fylkeskommunen vurderer at det er eit stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne i kraftstasjonsområdet. **Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal** (FNF) meiner at tiltaket vil ha store negative konsekvensar for landskap og ikkje bør få løyve. **Tussa Nett AS** opplyser at det ved ei utbygging må etablerast 4 km ny sjøkabel frå Skår til Sæbø.

NVE meiner at ulempene ved Skår kraftverk vil vere større enn fordelane. NVE legg avgjerande vekt på at reduksjonen i vassføring vil ha store negative konsekvensar for landskapsverdiar i eit verdifullt fjordlandskap.

2. Klagen

Johan Skår klagar i brev av 15.10.2014 på NVE sitt avslag på søknaden om løyve til bygging av Skår kraftverk. Klagar meiner at fordelane ved ei utbygging er større enn ulempene. Klagen kan summerast slik:

- Klagar syner til at ein må ha båt for å komme seg til Skår. Ved ei utbygging må kaianlegg, som er i dårlig forfatning i dag, bli rehabilitert. Dette vil vere positivt for bruken av området, slik som friluftsliv.
- Etablering av Skår kraftverk vil sikre framtidig straumforsyning til bygda ved at det blir lagd ny sjøkabel.

- Klagar syner til at fossen ikkje er del av utbygginga. Den delen av elva som vil bli nytta til kraftutbygging er i følgje klager berre synleg under stor vassføring.
- Klagar peiker på at bevaring av kulturlandskap og busetting er viktig for fjordlandskap og turisme. Klagar meiner at utan Skår kraftverk vil resultatet bli fråflytting, forfall og attgroing av kulturlandskapet.

Fleire partar har gitt uttale til saka under departementet si handsaming. Ørsta Sau og Geit/Møre og Romsdal Sau og Geit, Destinasjon Sunnmøre og Ålesund, Ski The Fjords og Hjørundfjord Bondelag har i skriv av høvesvis 12.1.2016, 6.1.2016, 28.10.2015 og 2.12.2015 støtta ei utbygging av Skår kraftverk. Det leggjast i desse skriva mellom anna vekt på at utbygginga vil bidra til å oppretthalde busetting og drift på Skår og at det vil vere positivt for turisme og friluftsliv. Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal (FNF) har i brev til departementet av 16.10.2015 oppretthaldt synet om at ei utbygging vil ha uakseptable negative konsekvensar for fjordlandskapet i Hjørundfjorden.

3. Departementet sine merknadar

Løyve til Skår kraftverk kan bli gitt om *”fordelene ved tiltaket overstiger skader og ulemper for allmenne og private interesser”*, jf. vassressurslova § 25 fyrste ledd. Departementet vil drøfte dei merknadane som er naudsynte for å grunngje avgjerda.

Departementet var den 8.10.2015 på synfaring av tiltaksområdet.

Ved ei utbygging av Skår kraftverk vil Skårelva få redusert vassføring over ei strekning på 800 m. Inntaket er planlagt nedanfor fossen som utgjer den mest synlege delen av elva, men elvestrekninga som vil få redusert vassføring er òg godt eksponert i fjordlandskapet.

Det er sidan 2004 gjort endeleg vedtak for 14 søknadar om bygging av små vasskraftverk i Ørsta kommune. Av desse er det gitt 12 løyve og to avslag. NVE handsama Skår kraftverk samstundes med fleire andre småkraftverk i vassdrag som drenerer til Hjørundfjorden. I den samanheng utarbeida Miljøfaglig Utredning ein rapport med vurderingar av korleis småkraftverka vil verke inn på landskapsverdiane i Hjørundfjorden. I rapporten er det vurdert at Skårelva har stor inntrykksstyrke i fjordlandskapet, og at ei realisering av kraftverket vil ha middels til stor negativ lokal konsekvens og eit middels til stort bidrag til den samla belastninga på fjordlandskapet.

Skår kraftverk er planlagd med ei maksimal slukeevne på 1280 l/s, som svarar til 250 % av middelvassføringa, og lågaste slukeevne på 50 l/s, som svarar til 10 % av middelvassføringa. Vassføringskurvene syner at det vil vere betydeleg flomoverløp under snøsmeltinga om våren og i periodar med store nedbørmengder. Periodar med lågast vassføring førekjem vanlegvis i vinterhalvåret. I eit år med middels vassføring vil det vere 34 dagar med vassføring større enn største slukeevne. Vidare vil vassføringa i 35 dagar vere lågare enn summen av minste driftsvassføring og planlagt minstevassføringsslepp, slik at kraftverket ikkje vil vere i drift. Tiltakshavar har føreslått slepp av 22 l/s i perioden 1. mai til 30. september, og drift utan slepp av minstevassføring resten av året. 5-persentilar for sommar- og vintervassføring er berekna til høvesvis 112 og 20 l/s. Elva sin inntrykksverdi ved ulike vassføringar er synleggjort i søknaden.

Ei utbygging av Skår kraftverk vil gje lenger og hyppigare periodar med låge vassføringar på elvestrekninga som får redusert vassføring. I tillegg vil vassføringa i flaumtoppane bli redusert. Sjølv om det vil vere betydeleg flaumoverlaup under snøsmeltinga og ved store nedbørmengder, og at kraftverket ikkje vil vere i drift i periodar kor vassføringa er mindre enn lågaste driftsvassføring, vil vassføringa i Skårelva mellom inntak og kraftstasjon berre vere minstevassføring og bidrag frå eit avgrensa restfelt i store delar av året.

Departementet vurderer at tiltaksområdet for Skår kraftverk er del av eit verdifullt fjordlandskap som har høg verdi i reiselivssamanheng og at elva er ein viktig del av den heilskaplege landskapsopplevinga. Departementet meiner det er klart at elva vil få redusert verdi som landskapselement som følgje av utbygging av Skår kraftverk. Utbyggingen vil bidra til ei auka samla belastning på fjordlandskapet. Etter departementet sitt syn må det bli lagt avgjerande vekt på dei negative konsekvensane for landskap i konsesjonsvurderinga for Skår kraftverk. Departementet si vurdering er at landskapskonsekvensane er høgare enn det relativt avgrensa bidraget til ny fornybar energi og andre fordelar ved ei utbygging, slik som lokal verdiskaping. Etter departementet sitt syn kan ikkje ulempene bli redusert i tilstrekkeleg grad med avbøtande tiltak.

Departementet finn ikkje grunnlag for å gå mot NVE sin vurdering om å avslå Skår kraftverk. Etter ei samla vurdering finn departementet at fordelane og nytta ved Skår kraftverk er mindre enn skadane og ulempene for allmenne og private interesser. Vilåret for løyve er såleis ikkje oppfylt, jf. vassressurslova § 25.

4. Departementet sitt vedtak

Klagen frå grunneigarane v/Johan Skår blir ikkje tatt til følgje. NVE sitt vedtak av 23.9.2014 blir oppretthaldt.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing

Lars Christian Sæther (e.f.)
avdelingsdirektør

Vegard Hotvedt Strømsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Møre og Romsdal fylkeskommune
Fylkesmannen i Møre og Romsdal
Ørsta kommune
Tussa Energi AS
Forum for Natur og Friluftsliv i Møre og Romsdal